


3.23 Stordalen, Fåbergstølsgrandane, Lodalsbreen og Stigaholtbreen

Topografi og landskapsformer

Figur 3.23.1 er eit topografisk kart som dekkjer Fåbergstølsgrandane, Stordalen, Lodalsbreen og Stigaholtbreen, samt områda rundt.



Figur 3.23.1 Topografisk kart som dekkjer Fåbergstølsgrandane, Stordalen, Lodalsbreen og Stigaholtbreen, samt områda rundt. Den grøne streken markerer grensa for nasjonalparken.


Kart: norgeskart.no.

Breelvsletta (sanduren) Fåbergstølsgrandane stig frå om lag 510 moh. ved Fåbergstølen til om lag 540 moh. ved samløpet mellom breelvane frå Lodalsbreen og Stigaholtbreen.

Fåbergstølsgrandane og Stordalen er omkransa av bratte og til dels steile dalsider, samt høge fjell, som t.d. Fåbergstølsnosi (1555 moh.), Brenibba (2018 moh.), Raudskarvfjellet (1897 moh.), Austdalsnuten (1747 moh.), Øyanosi (1684 moh.) og Sjurstølsnosi (1516 moh.).

Lausmassekart og jordartfordeling


Figur 3.23.2 syner eit lausmassekart over Fåbergstølsgrandane og Stordalen, inkludert breforlanda til Lodalsbreen og Stigaholtbreen.



Figur 3.23.2 Lausmassekart over Fåbergstølsgrandane og Stordalen, inkludert breforlanda til Lodalsbreen og Stigaholtbreen.


Fåbergstølsgrandane består av breelvmateriale transportert og avsett av breelvane frå Lodalsbreen og Stigaholtbreen. Breforlandet til Lodalsbreen er dominert av breelvmateriale, morenemateriale og moreneryggar avsette av Lodalsbreen under «den vesle istida». Munningen av Trongedalen (nedre del av breforlandet til Stigaholtbreen er dominert av morenemateriale og moreneryggar avsette av Stigaholtbreen under «den vesle istida». Begge dalsidene frå Fåbergstølsbreen til Lodalsbreen og Stigaholtbreen er dominert av skredmateriale, hovudsakleg frå snøskred og steinsprang.

Figur 3.23.3 syner eit LiDAR-kart av Fåbergstølsgrandane, der smeltevassløpa på breelvsletta (sanduren) kjem tydeleg fram.




Figur 3.23.3 LiDAR-kart av Fåbergstølsgrandane. LiDAR-kart: hoydedata.no.

Figur 3.23.4 syner eit LiDAR-kart over breforlandet til Lodalsbreen. Aldrane på moreneryggane avsett av Lodalsbreen under «den vesle istida» er etter Bickerton og Matthews (1993).



Figur 3.23.4 LiDAR-kart over breforlandet til Lodalsbreen. Aldrar på moreneryggane avsett av Lodalsbreen under «den vesle istida» etter Bickerton og Matthews (1993). Merk at alderen på nokre av moreneryggane ikkje ligg i kronologisk rekkjefølgje. Dette skuldast usikkerheit med kartlav-metoden (lichenometri), vanlegvis berekna å vere $\pm 10\%$.

Figur 3.23.5 syner eit LiDAR-kart over breforlandet til Stigaholtbreen. Aldrane på moreneryggane avsett av Stigaholtbreen under «den vesle istida» er etter Bickerton og Matthews (1993).



Figur 3.23.5 LiDAR-kart over breforlandet til Stigaholtbreen. Aldrar på moreneryggane avsett av Stigaholtbreen under «den vesle istida» etter Bickerton og Matthews (1993). Merk at alderen på nokre av moreneryggane ikkje ligg i kronologisk rekkjefølgje. Dette skuldast usikkerheit med kartlav-metoden (lichenometri), vanlegvis berekna å vere $\pm 10\%$.

Verdivurdering

Fåbergstølsgrandane er den største aktive sanduren på fastlandet i Noreg der ein mellom anna kan studere utviklinga av vegetasjonen (plantesuksjonar) og dei stadig skiftande breelvløpa. Moreneryggane avsette av Lodalsbreen og Stigaholtbreen under «den vesle istida» er viktige naturdokument og av nasjonal forskingsmessig interesse.